

# FORELDREINFO SEPTEMBER 2023

FAU/SU/SMU



Referat frå  
FAU-møte 14.09. finn du  
[her](#).

Møte i SU/SMU blir den  
19.okt. kl 19.30.

## Innsamlingsaksjon

Veke 40, siste veka før haustferien, er det innsamlingsaksjon på Vikeså skule. Me skal denne gongen støtta TV-aksjonen, då den er retta mot barn som lever under krigsforhold. Overskrifta for aksjonen i år er : La barn leve i fred» - eit bodskap elevane og dei tilsette kan stilla seg bak!

Kontaktlærarar har snakka med klassekontaktar dersom det er behov for bistand frå føresette til det klassane skal gjera, og alle har fått med seg toppturkortet heim. De føresette kan tilpassa og signera for andre turar om turane som står ikkje kan gjennomførast, eller de har gått andre tilsvarande turar. Det viktigaste er at elevane kjem seg ut litt i nærområdet, og får samla inn støtte til aksjonen.

Fredag i veke 40 vil me ha eit ca. beløp å gå ut med, og ordføraren vil koma og få pengane overrakt frå skulen. Spennande å sjå om me klarer toppa beløpet frå sist på 176 000kr!

## Overgang til VGS

Elevane på 8.-10.trinn får mykje hjelp på skulen til å orientera seg i kva moglegheiter som finnst etter grunnskulen.

Føresette kan i tillegg finna mange tips til korleis hjelpa ungdomsskuleeleven sin fram mot val av vidaregåande skule. Sjå tips til føresette på [utdanning.no](#)

## Leirskule

7.trinn har vore på leirskule på Skottevig denne veka, og melder om kjekke dagar trass dårlegare ver enn vi er van med på Sørlandet. Kjekk gjeng å reisa med!



Markenshelga er bak oss med alle dei kjekke opplevingane den gir. Elevane har både gleda seg på førehand, og snakka mykje om det i etterkant! Det er ein fin tradisjon skulane har, og noko me med glede set av ein halv dag til å gjera.

FAU hadde oppe spørsmål knytt til at Vikeså skule er ein leksebevisst skule. Me minner om at alle føresette kan ta kontakt med kontaktlærar om lekser treng å tilpassast den enkelte på ein meir hensiktsmessig måte.

Ønsker dykk ein god oktober, og minner om haustferien veke 41 (9.-13.okt).

Mvh

*Svanhild Gjødrem*

rektor

